

## Referat frå møte i felles brukarutval 25.mars 2021

Tid: Kl 11.00 - 14.40

Stad: Teams

Møteleiar: Eiliv K. Berdal

Referent: Randi Holsen Solheim

Deltakarar:		
Namn	Organisasjon	Fråvær
Eiliv K. Berdal	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Lene Grønsberg	Rusettervernet	
Liv Krognæs	FFO (LPP)	
Marita Aarvik	FFO (LHL)	
Arne Hovland	FFO	
Øystein Rynningen	FFO	x
Per Tollefsen	SAFO (NFU)	
Frida Galaasen	SAFO(NFU/NHF)	
Magne Sellevold	Kreftforeninga	
Kristoffer Skjolden	Fylkeskommunalt råd	
Synnøve Solhaugen Engen	Kommunalt råd	
<i>Elin Therese Sørbotten</i>	<i>KS/Førde kommune</i>	<i>x</i>
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	

Nr	Saker
7/ 2021	Leiar ønskte velkommen til det fulldigitale møtet. Godkjenning av innkalling og sakliste utan merknad.
8 /2021	<p>Godkjenning av referat frå førre møte – leiar avklarar mottekne merknadar til referatet, og etter noko dialog med utvalsmedlemmane vart referatet godkjend slik det låg føre, men med to innkomne merknader som vedlegg til protokollen.</p> <p>Til aksjonspunkt i forrige møte vart medlemmane oppfordra til å komme med innspel til tema i årshjulet for 2021. Her er det motteke eit forslag, kontaktlegeordninga - dette vert oppfylgd vidare i årshjulet.</p>
9 /2021	Pasient- og brukarombod i Sogn og Fjordane Ingrid Aanderud Sælen presenterte seg sjølv, og delte eigen PP-presentasjon som inneheld litt generelt om kontoret og dei tilsette, litt om lovpålagde oppgåver saman med aktuelle saker som det vert jobba med. Sjå eigen PP-presentasjon.

	<p>I dialog med utvalsmedlemmane vart det stilt spørsmål ved om ombodet er godt nok kjend? Frå utvalsmedlemmane vart det synt til personlege erfaringar med at innbyggjarane ikkje er kjend med kva ein kan få hjelp og bistand med. Leiaren peikte på at pasientombodet si årsmelding for 2019 viste at det i Sogn og Fjordane var fleire innmeldte saker til ombodet pr. innbyggjar enn gjennomsnittet for landet. Leiaren uttrykte også ønskje om at det på ombodet sine nettsider vart vist ei meir utfyllande orientering over aktuelle klageinstansar pasientane kan ta i bruk.</p> <p>Aanderud Sælen hadde ikkje fullgode svar på dei tilmelde betraktningane, men uttrykte at ho ville ta med seg alle innspela vidare.</p>
<p>10 /2010</p>	<p>Klinikkdirektør Børge Tvedt presenterte aktuelt nytt frå Helse Førde. Han informerte m.a. om prosjekt Vestlandslegen, presenterte oppdatert tal test-prøver og innleggingsrate for covid-19 pasientar samt medarbeidarar i heimekarantene. Vidare vart det informert om ventetider frå siste periode. Tvedt vektla litt bekymring til auke i ventetida for barn og unge og informerte om aktuelle fristbrot innanfor psykiatrien. Orientering om innflytting i det nye Dagabygget og om resultat frå Alle-møter-prosjektet.</p> <p>Informasjon om arbeidet med Helsefelleskapet som skal erstatte samhandlingsarenaen med kommunane slik vi kjenner den i dag. Her presenterte han også dei fire prioriterte områda som kjem fram i norsk helse- og sjukehusplan NHSP. Sjå elles eigen presentasjon.</p> <p>Det var gjeve høve til kommentar og synspunkt frå utvalsmedlemmane som elles tok orienteringa til vitande med fylgjande tilleggscommentar; FBU er særleg uroa for situasjonen for barn og unge under pandemien og kva konsekvensar det får for ventetid og for langtidseffekt på den psykiske helsa for barn og unge. Utvalet ber difor om at det i den neste orienteringa frå føretaksleiinga vert lagt vekt på dette, og at det blir orientert om kva avbøtande tiltak som er og vil bli sett i verk både i føretaket og i samarbeidet mellom føretaket og kommunane.</p> <p>Leiar Eiliv bad elles Tvedt om å gjere greie for eit brev han som leiar av utvalet har mottek i kopi frå LPP til styret i HFD. Styret handsama saka</p>



	<p>29.januar, og skal ha ny handsaming i styremøtet i morgon. Leiar Eiliv ber om at brukarutvalet vert orientert om saka på eit seinare tidspunkt.</p>
11 /2021	<p>Saka utgjekk i interkommunal samhandlingskoordinator sitt fråvær.</p>
12/202 1	<p>Leiar orienterte om arbeidet med retningslinje for brukarmedverknad på systemnivå som er utsend på førehand. Rett før møtet mottok sekretariatet framlegg til endring i desse retningslinjene frå ein av utvalsmedlemmane. Leiar føreslær at denne versjonen vert utsend medlemmane i etterkant av utvalsmøtet, og ber utvalsmedlemmane eventuelt kome med skriftlege innspel.</p> <p>Retningslinjene som vart utsend på førehand vert førebels godkjend – og saka vert sett opp på nytt til neste møte. Arbeidsutvalet ser på om gjeldande retningsliner bør endrast, eventuelt kva endringar som skal gjerast før neste møte. Eventuelt andre merknader kan, helst innan april 21, bli sendt til sekretær og/eller leiar.</p>
13/202 1	<p>Leiar føretok gjennomgang av oppdatert liste for brukarrepresentasjon prosjekt, råd og utval, og lista vart redigert fortløpande i møtet. Sekretariatet får i oppdrag å redigere lista iht avslutta prosjekt. Det kom innspel om å vurdere større likeverdig fordeling av prosjektrepresentasjon mellom utvalsmedlemmane. Medlemmane er alle brukarane sine representantar – dette bør speglast på deltakinga i prosjekt, råd og utval, og det vart teke til orde for at prinsippet om særleg brukarkompetanse burde vike prioritet.</p> <p>Leiaren orienterte om ny organsiering av Livaprojektet. Det blir utarbeidd nytt mandat med forslag om to grupper - ei kjernegruppe og ei arbeidsgruppe. Forslag til deltakarar frå FBU blir sendt ut når nytt mandat er utarbeidd.</p> <p>Utvalet godkjende lista slik den no ligg føre – sekretariatet sender ut oppdatert liste saman med referatet.</p>
14/202 1	<p>Open Post – brukarane sin time</p>

Leiar orienterte om at nestleiar Lene Grønsberg har søkt om permisjon frå vervet fram til 1.august 2021, og utfordra utvalet til å innfri søknaden. Utvalet hadde ikkje merknad til permisjonssøknaden, og vara for Grønsberg - Eystein Udberg går inn i hennar stad i permisjonstida. AD opnemner ny nestleiar i perioden.

Leiar Eiliv orienterte om ei sak utvalet har fått til orienterig frå HLF om etablering av stilling som audiopedagog ved helseføretaket og om den informasjonen han hadde om saka. Synnøve supplerte med informasjon. Leiar meiner at brukarutvalet bør komme med ein kommentar til helseføretaket i denne saka, og han påtek seg å utarbeide eit framlegg til brev som går på høyring mellom medlemmane.

Orientering om Samhandlingsnytt som kjem ut x 1pr.mnd. Fast post frå FBU – leiar og sekretær held hand om dette arbeidet.

Minner om utsend invitasjon til webinar Koordineringsordninger og helhetlige forløp - 15. og 22. april kl 12-15.

Hjelp til innsiktsarbeid på helsenorge.no – korleis opplever brukarane å nytte skjema på helsenorge.no – spørjeundersøking under oppsegling, med ynskje om medlem av felles brukarutval som dialogpart. Arne Hovland, Synnøve Solhaugen Engen og Per Tollefsen ynskjer å delta. Leiar sender tilbakemelding med med info om telefon og e-postadresse for alle tre. Det blir opp til sekretariatet for prosjektet om alle tre blir intervjuet eller om dei vel ut berre ein eller to intervjuobjekt.